



Ole Fritjof Godtfredsen  
Knarreviktoppen 56  
4637 KRISTIANSAND S

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/806 - 17/32947

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
21.11.2017

## Avslag på søknad om redusert gebyr - gbnr 194/17 Mundal

**Administrativt vedtak. Saknr: 540/17**

### Saksutgreiing

Saka gjeld søknad om redusert gebyr for handsaming av søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet og byggegrense mot sjø for oppføring av grindabu på eigedomen gbnr 194/17 Mundal nedre.

Søknaden vart innvilga den 17.07.2017 og faktura vart utsendt same dag. Det vart fakturert sakshandsamingsgebyr på kr 19 000,-, dvs. eitt gebyr per dispensasjon, både dispensasjon frå LNF-føremålet og dispensasjon for byggegrense mot sjø.

Tiltakshavar har i skriv mottatt 22.09.2017 søkt om å få redusert gebyret til det halve kr 9.500,- slik at det berre vert fakturert for eit gebyr.

I søknaden skriv tiltakshavar mellom anna:

For å få tillatelse til å faktisk bygge grindabua må jeg søke kommunen om byggetillatelse. Og antar at det også vil påløpe gebyr i den anledning, uten at jeg kjenner til hvor stort det vil bli.

Jeg søker på bakgrunn av tiltakets størrelse, antakelse om arbeidsbyrden for søknadene var slik at de i stor grad kunne tas under ett og en rimelighetsbetraktning, --- om at det avkreves ett gebyr på kr 9.500 og ikke to gebyrer.

### Vurdering

Innleiingsvis vert det opplyst at oppføring av grindabu på BRA 14m<sup>2</sup> og BYA 16m<sup>2</sup> er eit søknadspiktig tiltak anten som tilbygg, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4 bokstav a), jf. byggesaksforskrifta (SAK) 3-1 bokstav a) eller som frittstående bygg, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4 bokstav a), jf. byggesaksforskrifta (SAK) 3-1 bokstav b). Dette fordi grindabua er plassert i nabogrensa og ikkje fyller ikkje avstandskrava for unntak.



Gebyr for sakshandsaming for 2017 er kr 6.900,- for oppføring av grindabua, uavhengig om den handsamast som tilbygg eller frittstående bygg >70 m<sup>2</sup>, jf. lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste pkt.10.3.1, sjå vedlegg.

Da grindabua er plassert i nabogrensa, må det leggest ved naboerklæring frå gbnr 194/2, sjå vedlagte naboerklærings skjema til bruk i Lindås kommune.

Det følgjer av plan- og bygningslova § 33-1 1.ledd at kommunen har heimel til å fastsetja gebyr for tenester/arbeid som vert utført etter plan- og bygningslova. Fastsetjing av gebyrsatsar gjennom eit regulativ vert å sjå som ei forskrift etter forvaltningslova § 2 bokstav c. Gebyra er standardiserte og er knytt direkte opp mot ulike tenester.

Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vart vedtatt av Lindås kommunestyre den 15.12.2016 i sak 106/16. For søknadar om tiltak som krev dispensasjon etter plan- og bygningslova vert det etter gebyrforskrifta fakturert eitt dispensasjonsgebyr for kvar regel det vert dispensert frå, jf. gebyrforskrifta punkt 9. I denne saka gjeld det arealføremålet i kommunedelplan og byggjegrensa mot sjø.

Det har ikkje vore knytt rettsleg eller faktisk tvil til å fastslå kva gebyr som skal betalast i saka og det er ikkje utøvd skjønsmessige vurderingar i samband med gebyrfastsetjinga. Gebyrregulativet er vedtatt med bakgrunn i gjennomsnittlege kostnader knytt til den enkelte sakstype. Kommunen kan ikkje sjå at grunngevinga i søknaden gjev grunnlag for redusert gebyr. Det er ingen spesielle forhold i denne saka som skil den frå andre saker der det trengst dispensasjon verken når det gjeld verknaden av kommunedelplanen eller byggjegrensa mot sjø. Det vil undergrava gebyrregulativet dersom gebyr vert redusert i einskildsaker der grunngevinga for reduksjonen også vil kunne gjera seg gjeldande i andre saker. Det at søkjar ikkje har hatt kjennskap til at det påløper eit gebyr pr. dispensasjon og heller ikkje har fått informasjon om dette ved innsending av søknad er beklageleg, men vil ikkje endra kommunen si vurdering av at søknaden må bli avslått. Vi gjer og merksam på at prisar for sakshandsaming ligg tilgjengeleg på kommunen si heimeside.

## **VEDTAK**

**Søknaden om redusert gebyr motteken 22.09.2017 vert avslått, jf lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste punkt 4.3.**

**Grunngevinga for vedtaket går fram av vurderinga.**

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/806**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Naboerklæring i samsvar med pbl. § 29-4  
Gebyrhefte\_2017

**Kopi til:**

Ole Fritjof Godtfredsen	Knarreviktoppen 56	4637	KRISTIANSAND S
-------------------------	-----------------------	------	----------------

**Mottakarar:**

Ole Fritjof Godtfredsen	Knarreviktoppen 56	4637	KRISTIANSAND S
-------------------------	-----------------------	------	----------------